Sak 17/13

Til studieutvalet/prodekanus for undervising

Omlegging av strafferettsundervisinga frå haustsemesteret 2013

Vi har fått oversendt utkast til protokoll frå fakultetsstyret sitt møte i går, i sak 7/13. Ifølgje dette går to av vedtakspunkta ut på at SU skal sjå på saka på nytt. Det er heilt avgjerande for at reforma kan setjast i verk at dei resterande punkta vert avklart i SU sitt møte 12.2, sidan all undervisingsplanlegging skjer i løpet av februar. Difor tillet vi oss å koma med eit innspel som kan bidra til dette.

1) **Vedtakspunkt 2 om at «eventuell økt ressursbruk avgjøres av Studieutvalget».**

Allereie i innstillinga frå arbeidsgruppa låg det føre konkrete forslag og reknestykke på ressursbruken. Etter dei rundane saka har hatt, har forslaga våre blitt moderert noko når det gjeld ressursbehovet, og vi ber SU eksplisitt ta stilling til om vi kan få halda:

- 44 timar førelesing i strafferett. Det er det same som i dag, når vi ser allmenn og spesiell strafferett i samanheng.
- 14 dobbeltimar med seminar (frivillig deltaking). Det er det same som i dag (allmenn og spesiell strafferett).
- Obligatorisk arbeidskrav: Kvar student skal skriva ut eitt oppgåvesvar av ei av dei oppgåvene som vert drøfta på (dei 10 første) seminara. Dette kjem i staden for den obligatoriske heimeoppgåva, der alle etter dagens ordning får same oppgåva. Kostnadene til «retting» av desse oppgåvene vert dermed på same nivå som i dag. Men om nokon ikkje består vil vi gi høve til eitt forsøk til, før eksamen. Sidan krava må tilpassast kor langt studentane er komne i kurset, reknar vi med at det blir få som ikkje får godkjent i første runde. Men her kan det koma små tilleggskostnader, samanlikna med dagens ordning.

2) Vedtakspunkt 5 om at «godskriving av ekstraordinært arbeid med omlegging av kurset vurderes av SU, i tråd med etablerte retningslinjer og praksis».

Her vil vi først peika på at denne reforma må forståast som ei forseinka gjennomføring innafor strafferettsfaget av studiereforma av 2003. I arbeidsgruppa sin rapport (s. 12) sa vi det slik:

> *For at ein skal oppnå den ønskjelege kvaliteten på seminaroppgåvene og rettleiingane, må utarbeidinga av desse godtgjerast i undervisingsrekneskapen, slik det vart gjort då oppgåvesetta vart utarbeidde for dei tre første studieåra. Omfanget av arbeidet vil erfaringsmessig tilsvara arbeidet med å laga ei praktisk oppgåve med rettleiing til eksamen.*

Dette punktet vart også framheva i brevet vi sende til prodekanus 23.11.12, i forkant av SU si førre handsaming av saka (jf forslagspunkt 8), og i notatet som vi sende til dekanus i forkant av styremøtet 18.12.12 (punkt 3). Det har frå vår side heile tida vore føresetnaden at dette arbeidet måtte godtgjerast særskilt i undervisningsrekneskapen, og ingen har kome med innvendingar mot dette før dekanus si innstilling til styresak 7/13. Vi minner igjen om at tilsvarande arbeid vart godgjort særskilt ved gjennomføringa av studiereforma for 1.-3- studieår.

Arbeidet går ut på å laga 14 oppgåver med rettleiingar til bruk på seminara. I og med at 10 av desse oppgåvene også skal fungera som obligatoriske oppgåver for (grupper av) studentane, må dei i omfang

og kvalitet tilsvara den obligatoriske heimeoppgåva i dag. Det same gjeld rettleiinga, -merk her særleg at det kan bli behov for eksterne oppgåverettarar, i alle fall for så vidt gjeld dei studentane som ikkje vel å delta i ei seminargruppe.

Vi har vurdert om det er mogeleg å bruka om att delar av eksisterande oppgåvesett, men dette er generelt lite eigna. Oppgåvesettet har vore brukt i meir enn 10 år, utan store justeringar. Det inneheld ei mengd korte oppgåver og byggjer på ei skarp deling mellom allmenn og spesiell strafferett som reforma prøver å koma bort frå. Fordelinga av emne er etter vårt syn heller ikkje representativt for læringsmåla i dag, og det ligg dessutan i arbeidsgruppa si innstilling at vi vil koma med endringsforslag når det gjeld læringsmåla. Vidare ser vi heller ikkje korleis ein kan bruke om att tidlegare eksamensoppgåver i samband med den obligatoriske skrivinga, sidan sensorrettleiingane til desse ligg ope tilgjengeleg på nettet.

Dei satsane som gjeld i dag er (sitert frå malen for årsmelding 2012):

- Praktikum - hjemmeeksamen/oblig. (opp til 800 ord): 8 timar
- Praktikum skoleeksamen (praktikum opp til 1600 ord): 16 timar
- Sensorveiledning: 8 timar

Vi har sett på dei obligatoriske oppgåvene for strafferett og rettargang over dei siste åra. Dei ligg omfangsmessig på noko meir enn 800 ord. (Eksamensoppgåvene i strafferett synest å ha eit noko større omfang enn dette.)

Ut frå dette meiner vi at ei rimeleg godtgjering er 8 timar pr. oppgåve og 8 timar pr. sensorrettleiing. Vår erfaring er at det faktisk også tek såpass mykje tid å laga velfungerande oppgåver. Ei ytterlegare utfordring er at ein må sjå til at oppgåvesettet utgjer ein god heilskap, sett i lys av læringsmåla og ein naturleg progresjon for kurset.

Eit enkelt reknestykke tilseier etter dette at godtgjeringa i undervisningsrekneskapen skal vera: 14x16t = 224 arbeidstimar. Vi ser for oss å dela dette arbeidet (og timegodtgjeringa) likt mellom oss.

Vi legg til at vi har forståing for at vi for seinare år må føreta normale justeringar og oppdateringar av oppgåvesettet innafor ramma av kursansvaret. Men i år er det tale om ein vesentleg meir gjennomgripande reform, som nemnt ovanfor. Vi minner også om at vi berre er tildelt kursansvar t o m våren 2014. Vi meiner difor at det vi har kome fram til (224 timar) er eit godt mål for den innsatsen som trengs for å utarbeida eit heilt nytt oppgåvesett i strafferett.

06.02.13

Jørn Jacobsen og Erling Johannes Husabø

Sak 17/13

Spørsmål om særskilt godskriving i undervisningsregnskapet for utarbeidelse av nytt kursmateriell for JUS241 Strafferett fra H13

I det følgende vil det bli gitt en oversikt over de momenter som anses som relevante ved avgjørelsen av den aktuelle søknaden om særskilt godskriving i undervisningsregnskapet for utarbeidelse av nytt kursmateriell.

Fakultetsstyrets vedtak om normering av arbeidstid

Normering av arbeidstid for vitenskapelig ansatte ble vedtatt av fakultetsstyret 18. desember 2007 (sak 71/07).

Om godtgjørelse for kursansvar heter det i vedtakets punkt 4:

Kursansvar godskrives med 50 timer som grunnfradrag, og 2 timer tillegg pr studiepoeng for obligatoriske kurs. Kursansvaret for valgemner godskrives med 1 time pr studiepoeng.

Om innholdet i kursansvaret heter det i vedtakets punkt 11:

Styret delegerer til Studieutvalget å fastsette arbeidsbeskrivelse for kursansvarlig, storgruppeleder, arbeidsgruppeleder og masteroppgavekoordinator (rollebeskrivelse) i samsvar med forslag i vedlegg til saksforelegget og styrets kommentarer til dette.

I saksforelegget heter det blant annet (på side 7):

Normeringssatsene må ses i lys av at fakultetet nylig har gjennomført en studiereform med ny studieordning og endret pedagogisk opplegg, hvor lærernes oppgaver og ulike roller, på mange måter har endret seg klart i forhold til tidligere. Det forventes nå at de kursansvarlige lager oppgaver og opplegg for storgruppemøtene og har møter med storgruppe- og seminarledere der opplegget gjennomgås. Det skjer også en stor grad av "gjenbruk" fra år til år. Gjennom dette skjer det en effektivisering av undervisningsinnsatsen.

Rollebeskrivelser fulgte som vedlegg til saksforelegget. Her heter det om «Kursansvar for obligatoriske kurs»:

- Utarbeidelse av kompetansekrav for kurset ut fra rettsstudiets overordnete kompetansebeskrivelse
- Utvelgelse og tilrettelegging av faglig og metodisk innhold, valg av litteratur
- Lage undervisningsplan med fordeling av de ulike læringsaktiviteter iht kursets kompetansekrav og studiets overordnete intensjoner, og det innen de gitte tids- og ressursmessige rammene som er gitt for kurset
- Fastsette temaer for forelesningene

- Utarbeide oppgaver til arbeidsgruppene for å underbygge studentenes materielle og metodiske progresjon i læringen, samt utvikling i presentasjon (skriftlig/muntlig) og tilrettelegge for eventuelle andre medlæringseffekter ut fra kursets kompetansekrav

- Utarbeide skriftlig veiledning til gruppelederne. En veiledning omfattende materielle og metodiske poenger i den enkelte oppgaven, og hva som bør vektlegges i tilbakemeldingen til studentene (kun 1. og 2.studieår).

- Utarbeide oppgaver/pedagogisk opplegg for storgruppesamlingene for å underbygge studentenes materielle og metodiske progresjon i læringen, presentasjonsform og tilrettelegge for eventuelle andre medlæringseffekter ut fra kursets kompetansekrav og studiets overordnete intensjoner.

- Utarbeide skriftlig veiledning for det pedagogiske opplegget av storgruppesamlingene, samt hva som skal vektlegges i den skriftlige tilbakemeldingen fra storgruppelederne til studentene på 3.studieår.

- Gjennomgang av opplegget og oppgaver med gruppe- og storgruppelederne

- Rekruttering av storgruppeledere

- Møter med administrasjon/studieårsansvarlig for oppfølging av alle administrative

  oppgaver knyttet til kurset
- Møter med gruppe- og storgruppeledere for eventuelle justeringer underveis av opplegget

- To referansegruppemøter i løpet av kurset

- Svare på henvendelser fra studenter og gruppeledere

- Utarbeidelse av kursrapport med forslag til forbedringer

Oppgaver som kommer i tillegg, og honoreres særskilt
- Forberede og gjennomføre forelesninger, 5t/time

- Utarbeidelse oppgaver til hjemmeeksamen/obligatorisk prøve, 8 timer

- Utarbeidelse oppgaver skoleeksamen, 16 timer

- Sensorveiledning, 9 timer

- Nivåkontroll pr besvarelse: 1.5 time/oppgave

Konkrete vurderinger på dette grunnlaget:

I beskrivelsen av kursansvar går det klart fram at å utarbeide oppgaver til arbeidsgrupper og storgrupper **inngår i kursansvaret**. Det er ikke tvilsomt at det er tale om *utarbeidelse* – ikke "bare" løpende nødvendig vedlikehold. **Dette taler mot** at slik omarbeidelse/nyskriving som det er tale om for JUS241 Strafferett, skal honoreres særskilt. Et viktig poeng i denne sammenhengen, er at hele systemet med kursansvar bygger på at godskrivelsen for kursansvaret skal bli tilfredsstillende over tid, og ikke nødvendigvis for det enkelte kurs. Hvordan dette stiller seg ved midlertidig kursansvar er et eget spørsmål som behandles nedenfor. Den alminnelige rammen for godtgjørelse kursansvar, er likevel et viktig utgangspunkt for vurderingen av godskrivingsspørsmålet.

Spørsmålet om godskriving vil også være avhengig av om det eksisterende kursmateriellet er i en slik stand at det ikke er forsvarlig å videreføre deler av det. Inntrykket ut fra innspill fra undervisere og

studenter på kurset, er at deler av oppgavene klart er modne for revisjon, mens andre deler av oppgavene kan beholdes midlertidig. Det innebærer at arbeidet **med revisjon kan gjøres over noe tid**, i takt med den årvisse godskrivingen for kursansvar. Det er også mulig å ha noen teorioppgaver i det nye oppgavesettet – noe som krever mindre innsats enn utviklingen av praktikumsoppgaver. **Det taler mot** at slik omarbeidelse/nyskriving som det er tale om for JUS241 Strafferett honoreres særskilt.

Det er likevel elementer som kan tale for en særskilt godskriving for oppgaveutarbeidelse i strafferett. Fjerde studieår **ble ikke gjenstand for slik revisjon av emnene fra 2003** som 1. – 3. studieår ble. Det vil si at det som nå søkes utført og særskilt godtgjort, i realiteten tilsvarer utarbeidelse av oppgavesett og øvrig kursmateriell som ble gjort i øvrige emner ved innføring av Kvalitetsreformen i 2003. Vi har ikke funnet holdepunkter[1] for at det ble gitt særskilt godskriving for utarbeidelse av kursmateriell den gangen, utover det som var knyttet til kursansvar, og – for dem det gjaldt – godtgjørelser for deltakelse i de utvalg og komiteer som utarbeidet studiemodellen. Til dette skal vi også ta med at det for JUS241 Strafferett nå faktisk foreligger materiale som er i bruk og som det må anses faglig forsvarlig å bruke, slik at det er ikke tale om nybrottsarbeid på samme måte som tilfellet var i 2003. I tillegg vil vi i 2013 befinne oss innenfor rammer som er kjent, med hensyn til omfang, læringsmål og andre rammebetingelser for masterstudiet, noe som ikke var tilfelle i 2003. Vi befinner oss antakelig et sted mellom ordinær drift og nyskriving av kurs i 2003 – nærmere den ordinære driften. **Dette taler mot særskilt godskriving**.

Særlig om **midlertidig kursansvar**: I utgangspunktet har Husabø/Jacobsen kursansvar for JUS241 Strafferett bare i perioden Mæland er i permisjon/forskningsfri, det vil si til og med V14. I et slikt perspektiv vil arbeidet med kurset og honoreringen ikke «jevne seg ut» slik tilfellet ellers er der kurset drives over flere år, med en viss grad av gjenbruk av kursmateriell. Det er imidlertid ikke usannsynlig at Husabø/Jacobsen vil kunne beholde kursansvaret utover denne perioden – da vil «utjevningseffekten» tilta for hvert år. Dette taler **for en betinget løsning,** for eksempel ved at det ikke godskrives særskilt for det ekstra arbeidet nå (evt. at det godskrives bare delvis), men at det gis bindende tilsagn om slik godskriving i ettertid hvis kursansvaret varer mindre enn for eksempel fire år.

Konkrete eksempler når det gjelder godskriving for utarbeidelse av kursoppgaver i studieprogrammets andre kurs:

Det er eksempler fra de nye godskrivingsreglene ble vedtatt som er relevante.

I 2008 hadde vi en stor omlegging av **spesialemnene**. Noen av dem måtte skrives på nytt, og det ble gjort betydelige endringer i de aller fleste emnene. På noen områder var dette arbeidet nokså omfattende. Det ble fremmet forslag om særskilt godskriving for dette, det ble ikke imøtekommet. Her skal det særlig pekes på at kursansvar for spesialemnene i utgangspunktet godskrives mye lavere enn kursansvar for obligatoriske emner. Det skal også nevnes at revisjonen i 2008 skjedde på grunnlag av gamle, ikke kvalitetsreformerte emner. **Det taler mot** at slik omarbeidelse/nyskriving som det er tale om for JUS241 Strafferett honoreres særskilt.

[1] Det er foretatt en forholdsvis rask gjennomgang av de rapporteringer som ble gjort i 2003, og ingenting er funnet. Det kan ikke utelukkes 100 % at det likevel er foretatt en eller annen form for godskriving – dersom det kan sannsynliggjøres/dokumenteres, vil konklusjonen her kunne bli noe annerledes, uten at det nødvendigvis blir bestemmende for den samlete vurderingen.

Vi har også hatt større og mindre revisjoner av andre emner, uten at det har vært godskrevet særskilt.

Konklusjon:

Saken legges fram for Studieutvalget uten forslag til vedtak. Utvalget oppfordres til å vurdere de momentene som er anført, og eventuelt andre momenter og utforme sitt vedtak på det grunnlaget.